



Arkoconsult AS  
Postboks 103  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/3378 - 23/46442

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
13.06.2023

## Mellombels bruksløyve for bustad - gbnr 217/4 Romarheim

**Administrativt vedtak:** Saknr: 623/23  
**Tiltakshavar:** Eivin Høiland  
**Ansvarleg sækjar:** Arkoconsult AS  
**Søknadstype:** Søknad om mellombels bruksløyve

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for tiltak godkjend i vedtak datert 02.07.2021 på gbnr 217/4 på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket med unntak av garasje.
2. Ferdiggattest skal liggja føre innan 30.06.2025.

Ansvarleg sækjar har ordna med nødvendig sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 02.07.2021.

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket med unntak av garasje.  
Ansvarleg sækjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk.  
Ansvarleg sækjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 30.06.2025.

Det vert elles vist til søknad journalført mottatt 02.06.2023.

### VURDERING

Kommunen legg mottatt dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for delar av tiltaket slik det er søkt om.

## Skildring

Adresse:	Romarheim 94
Bygningstiltak:	Riving av eksisterande bustad og uthus og oppføring av ny bustad, garasje og tilkomstveg
Bygningsnummer:	Eksisterande våningshus: 176313781 Eksisterande uthus: 176313773 Nytt våningshus: 300922486
Bruksareal:	211 m <sup>2</sup>
Avløp:	Privat, minireinseanlegg
Vatn:	Privat
Tal på røykløp:	1

## Oppfølging av mellombels bruksløyve

Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

## Regelverk

- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/3378

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Eivin Høiland

Modalsvegen 14 5994

VIKANES

**Mottakarar:**

Arkoconsult AS

Postboks 103 5291

VALESTRANDSFOSSE  
N